



Sunnfjord kommune

Møtereferat

Utval:	Prosjektgruppe for lokaldemokrati
Møtestad:	Møterom Sunnfjord - Førde rådhus
Dato:	11.01.2018
Tid:	Kl. 14:00

Medlemmer:	Parti
Annlaug Birkeland	Ap
Ivar Svensøy	Ap
Ole Johnny Stubhaug	SP
Reidun Støfring	SP
Turid Vallestad	SV
Jan Taule	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Anne Lilleaasen	H		
Jarle Arvid Aase	KRF		

Andre:
Øystein Høyvik

Møteleiar: Reidun Støfring (SP)
Møtesekretær: Øystein Høyvik

Kva har fellesnemnda bestemt?

- Reidun Støfring gjekk gjennom kva som ligg i fellesnemnda sine vedtak datert 18.10.17 og 15.11.17 (tidlegare utsendt)

Gjennomgang av kva som er sendt ut

- Øystein Høyvik gjorde greie for dokument som var sendt ut i forkant
- Øystein Høyvik oppdaterer utkast til prosjektdirektiv i etterkant av ev. fellesmøte med gruppa for politisk organisering

Kva ligg i kommunal- og moderniseringsdepartement si satsing/prosjekt «Framtidas lokaldemokrati»?

- Øystein Høyvik gjekk nærare gjennom kva som ligg i departementet sitt prosjekt (sjå vedlagt fellespresentasjon) og tidlegare utsendte linkar

Informasjon om Sunnfjord Utvikling sitt prosjekt «Tettstadutvikling»

- Bente Hauge, Sunnfjord Utvikling, informerte om bakgrunn og formål med prosjektet
- Med bakgrunn i kvantitativ og kvalitativ undersøking gjennomført av PwC skal Sunnfjord Utvikling no gjennomføre folkemøte i tettstadane. Fleire av

medlemmane i gruppa uttrykte at dei vil forsøke å få med seg møta. Møta vil bli gjennomført slik:

- Sande: Tysdag 30.01 kl. 18.00 – 21.00 (Gaularhallen)
- Bygstad: Torsdag 01.02 kl. 18.00 – 21.00 (skulen)
- Vassenden: Onsdag 07.02 kl. 18.00 -21.00 (Gjeshalla)
- Skei: Torsdag 08.02 kl. 18.00 – 21.00 (Thon Jølster Hotel)
- Naustdal: Torsdag 15.02 kl. 18.00 -21.00 (skulen)

Nye Sunnfjord kommune v/ prosjektrådmann og prosjektkoordinator vil delta med kort innleiing i folkemøta. Reidun Støfring avklarar med prosjektrådmannen om også prosjekt «Framtidas lokaldemokrati» kort kan presenterast i denne sekvensen

- Bente Hauge sin presentasjon ligg vedlagt

Korleis vil prosjektgruppa arbeide?

- Reidun Støfring innleia om korleis ho ser føre seg at gruppa kan/bør arbeide
- Spørsmålet vil bli tatt opp igjen i seinare møte

Drøfting

- Gruppa drøfta mandat, arbeidsformer mv

Oppsummering og vegen vidare

- Før ein går nærare inn på mandat mv bør det gjennomførast fellesmøte med gruppa for politisk organisering, samt avvente ev. innspel i folkemøte i månadsskiftet januar/februar

Ev. merknader til referatet sendast underteikna.

